

Bacheloroppgåve

Profesjonelle relasjonar i møte med sårbare foreldre

Professional relations in meeting with vulnerable
parents

Ein kvalitativ undersøking av korleis tilsette i barnevernet
arbeida med relasjonen til sårbare foreldre

Av Kristianne Hanestadhaugen

Sosialt arbeid, barnevernspedagog

Høgskulen i Volda

2021



**HØGSKULEN
I VOLDA**

Tal ord : 9801

Eigenerklæring

Denne oppgåva er mitt eige og sjølvstendige arbeid. Den gjer ikkje bruk av andre sitt arbeid utan at det er oppgitt, den gjer ikkje bruk av tekst frå eige arbeid utan at det er oppgitt, og kjelder som er brukt er ført inn i både tekst og kjeldeliste på ein måte som gjer at eg ikkje vil få ein 'ufortent rennomegevinst'. Den har heller ikkje vore brukt som eksamensvar eller arbeidskrav tidlegare.

Eg veit at oppgåva vil bli elektronisk kontrollert for plagiat og at alvorlege brot med 'god sitatskikk' vert behandla som fusk jf. UH-lova § 4-7 og § 4-8, 3. ledd.

I arbeidet med oppgåva er personopplysningar behandla i samsvar med retningslinjene som er å finne i Canvas. Oppgåva inneheld ikkje opplysningar som kan førast tilbake til einskildpersonar ut over det som dei har godtatt gjennom samtykke eller som er offentleg kjent.

Eg gir Høgskulen i Volda rett til å publisere oppgåva vederlagsfritt i elektronisk form.

Forord

Etter ein praksis på 14. veker i forbindelse med studie fatta eg interesse for tematikken som er omtalt i studien. Som student i praksis arbeida eg tett på sårbare foreldre, og oppdaga stadig utfordringar knytt til relasjonsbygging til foreldre som sto ovanfor ein sårbar posisjon. På basis av dette fatta eg interesse for profesjonelle sine relasjonar til sårbare foreldre. Gjennom skriveprosessen har eg tileigna meg ny kunnskap om korleis tilsette i barnevernet arbeidar med relasjonen i møte med sårbare foreldre, og denne kunnskapen vil eg ta med meg vidare inn i arbeidslivet.

Å skrive denne bacheloroppgåva har både vært spennande, lærerikt og ikkje minst utfordrande. Eg vil først og fremst takke Øyvind Økland for jobben han har gjort som rettleiar. Tusen takk for god rettleiing, innspel, tilbakemeldingar og inspirasjon som har medverka til at eg har kome meg vidare i prosessen. Vidare vil eg takke informantane som tok seg tid til å delta og stille opp til intervju. Utan dykk hadde eg ikkje satt igjen med det datamaterialet som kom fram i forskingsprosjektet.

Tusen takk til familie, vennar og kjærasten min som har hatt trua på meg, vist forståing for den krevjande perioden, samt heia meg fram til å skrive ferdig bacheloroppgåva. Eg vil og benytte anledninga til å takke min kjære medstudent, Julie Voldnes Brandal for gode innspel, motivasjon og latter gjennom bachelorperioda. Til slutt vil eg takke medstudentar og førelesarar - tusen takk for tre fantastiske, lærerike og uforgløyemeleg år på Høgskulen i Volda.

Kristianne Hanestadhaugen

Volda, 14.mai 2021

Samandrag

Bakgrunn: Fleirtalet av foreldre som er i kontakt med barnevernet har behov for rettleiing for å bli betre og tryggare i rolla som omsorgsgivarar (Regjeringen, 2018). Utgangspunktet for studien er foreldre som står ovanfor ein sårbar posisjon, der det er knytt otte for barn(a) sin omsorgssituasjon. Der foreldre får tilbod om frivillig foreldrestøttande tiltak innan barnevernet som eit ledd i barnevernlova (1992) §4-4. Familiane flyttar inn på institusjonen over ei lengre periode for å bli observert, kartlagt og vurdert av barnevernet. Som profesjonell, i møte med sårbare foreldre vil relasjonen mellom foreldra og barnevernsarbeidarane bli sett på som eit av dei viktigaste verktøya (Aamodt, 2014, s. 41) i endringsarbeidet. I møte med foreldre som står ovanfor ein sårbar posisjon, kan det å arbeide med å få ein god relasjon og halde ved like relasjonen, både vere utfordrande, frustrerande og ressurskrevjande.

Hensikt: Formålet med studien er å skape kunnskap i form av innsikt og forståing for korleis tilsette i barnevernet (andrelinjetenesten) arbeidar med relasjonen til sårbare foreldre.

Metode: Metoden som er anvendt i studien er *kvalitativ forskingstilnærming*, forankra i *fortolkande fenomenologisk tilnærming*. Dette ved bruk av kvalitativ intervju; djupneintervju, der tre tilsette som arbeidar innanfor eit frivillig hjelpetiltak i barnevernet har fortalt om sine opplevingar, erfaringar og meiningar knytt til å inngå i profesjonelle relasjonar til sårbare foreldre.

Resultatet: Funna belyse viktigheita av oppnå eit felles samarbeid, møte foreldra som eit medmenneske med forståing og viktigheita av at foreldra skal vere aktive deltakarar i eigen prosess. Samt subjektive opplevingar av å få tildelt «for mykje» ansvar som profesjonell i møte med sårbare foreldre.

Konklusjon: Studien viser at barnevernsarbeidarane arbeidar med relasjonen i møte med foreldra, dette ved å møte foreldre som eit medmenneske (subjekt). Der dei profesjonelle prøvar å oppnå eit felles samarbeid, der både hjelpar og hjelpetrengande er aktive deltakarar i endringsprosessen.

Nøkkelord : Relasjon, profesjonelle, sårbare foreldre, barnevernet.

Abstract

Background: The majority of parents in contact with child welfare services are in need for guidance in becoming better and safer in the role of caregiver (Regjeringen, 2018). The baseline for the study is parents in a vulnerable position, where there is concern for the child's welfare. Parents are given an option of voluntary parent supporting measures within the child the child welfare service as part of the child welfare act (1992) §4-4, where the family are moved to an institution over a longer period of time to be observed, mapped and considered by the child welfare services. As a professional meeting with vulnerable parents, the relation is seen as one of the most integral tools of the process (Aamodt, 2014, s. 41). Meeting with parents in a vulnerable position, establishing and maintaining a good relationship can be challenging, frustrating and resource demanding.

Purpose: The purpose of the study is to achieve knowledge in the form of insight and understanding how employees in child services' second line service use their relation in meeting with vulnerable parents.

Method: The method being used in the study is a qualitative research approach, anchored in an interpretive phenomenological approach. This is achieved by the use of qualitative interviews; in-depth interviews, with three employees at a voluntary support measure for child services talking about their experiences and opinions in achieving professional relations with the vulnerable parents.

Result: The findings brings to light the importance of achieving a common partnership, to meet the parents as fellow human beings with the understanding and the importance that parents should be active participants in their own process, and to have subjective experiences by getting "too much" responsibility in meeting with vulnerable parents.

Conclusion: The study shows that child welfare employees work towards a relation with vulnerable parents, by meeting them as fellow humans. Where the professionals try to develop a partnership, where both the ones helping and the ones needing help are active participants in the process.

Keywords: Relations, professional, vulnerable parents, child welfare service.

Innholdsliste

1.0 Innleiing	1
1.1 <i>Forskingsspørsmål</i>	2
2.0 Kunnskapsgrunnlaget	3
2.1 <i>Bakgrunn</i>	3
2.2 <i>Studiens formål og relevans</i>	3
2.3 <i>Forsking på feltet</i>	4
2.3.1 <i>Oppsummering</i>	5
3.0 Relasjons- og maktperspektivet i sosialt arbeid	6
3.1 <i>Relasjonsperspektivet</i>	6
3.1.1 <i>Oppsummering</i>	8
3.2 <i>Maktperspektivet</i>	8
3.2.1 <i>Oppsummering</i>	10
4.0 Metode.....	11
4.1 <i>Forskningsdesign</i>	11
4.2 <i>Litteratursøk</i>	11
4.3 <i>Rekruttering og vurdering av informantar</i>	12
4.4 <i>Djupneintervju</i>	13
4.5 <i>Intervjuguiden</i>	14
4.6 <i>Transkribering og analyse</i>	14
4.7 <i>Etikk</i>	15
5.0 Presentasjon av funn	17
5.1 <i>Eit felles samarbeid</i>	17
5.1.1 <i>Oppsummering</i>	18
5.2 <i>Eit medmenneske med forståing</i>	18
5.2.1 <i>Oppsummering</i>	19
5.3 <i>Aktive deltakarar</i>	19
5.3.1 <i>Oppsummering</i>	20
5.4 <i>For «mykje» ansvar</i>	20
5.4.1 <i>Oppsummering</i>	21
6.0 Diskusjon.....	22
6.1 <i>Eit felles samarbeid med preg av tillit</i>	22
6.1.1 <i>Delkonklusjon</i>	23
6.2 <i>Eit medmenneske med forståing</i>	24
6.2.1 <i>Delkonklusjon</i>	25
6.3 <i>Ein aktiv deltakar i eigen myndiggjeringsprosess</i>	26
6.3.1 <i>Delkonklusjon</i>	27
6.4 <i>For «mykje» ansvar og tillit i møte med foreldre</i>	27
6.4.1 <i>Delkonklusjon</i>	28

7.0 Konklusjon	29
Litteraturliste.....	30
Vedlegg A – Erklæring for fulgt retningslinjer ved innhenting av datainnsamling.....	32
Vedlegg B – Retningslinjer for behandling av personopplysningar	33
Vedlegg C – Informasjonsskriv og samtykkeerklæring.....	34
Vedlegg D – Intervjuguide	36

1.0 Innleiing

Som sosialarbeidar kan ein arbeide innanfor ulike yrkesfelt. Uansett kor ein vel å arbeide innanfor, har dei ulike yrkesfelta noko til felles, nemlig at ein inngår i samspel med andre menneske. I møte med brukar(ar) må hjelparen ha nok kunnskap og verktøy (Aamodt, 2014, s. 41) til å vite kva slags reiskap og ferdigheiter ein skal ha for å etablere relasjonar. Dette fordi den profesjonelle alltid vil ha det overordna ansvaret (Aamodt, 2014, s. 40) for at utfallet av relasjonen blir det beste for hjelpesøkaren, men også for hjelparen sjølv. I studien vil eg forske nærmare på korleis tilsette i barnevernet (andrelinjetenesten) arbeidar med relasjonen til sårbare foreldre. For å finne svar på problemstillinga er studien basert på ein *kvalitativ undersøking*, ved hjelp av tre *djupneintervju*. Informantane er tilsett i eit frivillig hjelpetiltak for familiar med formål om å kartlegge barn sin omsorgssituasjon og familien sine vanskar, samt å bidra til endringsarbeid.

Som tilsett i barnevernet kan ein dagleg møte foreldre som av ulike årsakar har blitt involvert i ein barnevernssak (Bunkholdt & Kvaran, 2015, s. 192). Fleirtalet av foreldra som er i kontakt med barnevernet har behov for rettleiing for å bli tryggare i rolla som omsorgsgivar. I følge Regjeringa (2018) sin strategi for foreldrestøtte ser ein at trulig 410 000 barn lever med foreldre som har psykiske utfordringar, og at rundt 90 000 barn har foreldre som misbruke alkohol, og enda kan ein rekne med store mørke tal. Dårlig omsorg (Regjeringen, 2018) kan også henge saman med andre levekårsvanskar, som til dømes låg inntekt eller andre ottar som kan påverke tilhøve mellom foreldre og relasjonen mellom foreldre og barna. Som Regjeringa (2018) viser til, vil god oppfølging og riktige tiltak medverke til at mange av dei sårbare familieane kan klare seg bra. Der relasjonen mellom hjelpar-klient er essensielt for å bidra til ein best mogleg hjelpe-og endringsprosess (Sommerfeldt, 2019). Litteraturen på området gir kunnskap om andre brukargruppe; barn og unge, og deira opplevingar ved å inngå i profesjonelle relasjonar. Medan litteraturen gir lite kunnskap om relasjonen mellom barnevernsarbeidarar og foreldre. Med bakgrunn i val av tema og sosialfagleg relevans lyder oppgåvas problemstilling følgande;

«korleis arbeida tilsette i barnevernet med relasjonen til sårbare foreldre?»

1.1 Forskingsspørsmål

For å finne svar på problemstillinga har eg valt fire forskningsspørsmål, som alle er relevant for profesjonelle sine relasjonar til sårbare foreldre. Første forskningsspørsmålet lyder som følger: *«kva opplev barnevernsarbeidarane som ein «god nok» relasjon til sårbare foreldre?»*. Dette for å få ei forståing på kva dei profesjonelle vektlegg i ein «god nok» relasjon. Medan andre forskningsspørsmål set fokus på: *«korleis tilsette i barnevernet arbeidar med å få ein god relasjon til foreldre?»*. Dette for å få innsikt i kva dei profesjonelle legg til grunn for å etablere ein god relasjon.

I arbeid med menneske som av ulike årsakar står ovanfor ein sårbar livssituasjon, kan tenesteutøvarar møte på fleire utfordringar i løpet av endringsprosessen. Av ulike årsakar kan relasjonen mellom hjelpar-klient endre seg drastisk, dette fordi alle relasjonar skifta både kvalitet og innhald (Aamodt, 2014, s. 61). Dermed lyder tredje forskningsspørsmål: *«korleis held tilsette i barnevernet ved like relasjonen til foreldra?»*. Det fjerde og siste forskningsspørsmålet tek føre seg: *«kva er fagpersonane sine subjektive opplevingar av å inngå i profesjonelle relasjonar til sårbare foreldre?»*. Dette for å få informantane sine personlege skildringar knytt til å arbeide tett på sårbare foreldre.

2.0 Kunnskapsgrunnlaget

Trass i at organisasjonen blir halden anonym i studien, vil eg presentere nødvendig informasjon som vil vere viktig å ta omsyn til gjennomgåande i studien. Vidare i kapitlet blir studiens formål, samt studiens samfunnsvitskapleg og fagleg relevans presentert. I siste del av kapitlet blir forskning som kan knytast opp til forskingsproblematikken i studien presentert.

2.1 Bakgrunn

Forskningsprosjektet sett fokus på foreldrestøttande tiltak frå barnevernet si side, dette i form av frivillig hjelpetiltak som er eit ledd i barnevernlova (1992) §4-4. Organisasjonen sitt føremål er å styrke foreldreferdigheita og bidra til å sikre barn god nok omsorg. Mykje av dei daglege arbeidsoppgåvene er basert på miljøterapeutisk arbeid; samtalar, kartlegging, observasjon og vurdering av familien sin prosess og samspel. Det er viktig å ta til betraktning at familiane blir følgt opp over ei lengre periode, og ofte gjennom fleire månadar der familiane bur på institusjonen.

2.2 Studiens formål og relevans

Forskningsprosjektet har som overordna mål å skaffe kunnskap om korleis tilsette i barnevernet arbeidar med relasjonen til sårbare foreldre. Studien er samfunnsvitskapleg (Berg, Ellingsen, Levin, & Kleppe, 2015, ss. 25-26) relevant, da studien set fokus på korleis individ forhold seg til andre individ. Med andre ord, blir fokuset i undersøkinga satt på det relasjonelle aspektet mellom hjelpar-klient. Fordi sosialt arbeid er relasjonelt og eit arbeid med menneske i sårbare situasjonar, ligg det eit ekstra ansvar på tilsette som jobbar innanfor feltet. Om ein ikkje er bevisst på måten ein trer fram på kan det medføre i at formålet med sosialfaget fell bort.

Forståingar ein har av andre påverka individ på ulike måtar, og betydning for korleis ein handlar i relasjon til andre (Levin & Ellingsen, 2015, s. 117). I grunnlagsdokumentet til Fellesorganisasjonen (2019) blir betydninga av relasjonen mellom sosialarbeidaren og brukaren vektlagt. I dokumentet (Fellesorganisasjonen, 2019) står det at måten sosialarbeidaren møte brukaren på, er avgjerande for å kunne yte teneste og hjelp (punkt 3), der eit heilskapleg og koordinert tenestetilbod bygg på gode relasjonar mellom hjelpar-klient. Ansvar for relasjonen ligg dermed først og fremst hjå fagpersonane. Derfor er kunnskap om

forhold som påverka relasjonen mellom dei tilsette i barnevernet og foreldre vesentlig i sosialt arbeid. Sosialt arbeid har hatt ein lang tradisjon i å knytte arbeidsoppgåvene tett opp til relasjonsomgrepet, der nokre sosialarbeidarar, i følge Gjørund & Huseby (2015, s. 112) vil seie at sosialt arbeid er det same som relasjonsarbeid.

2.3 Forsking på feltet

Lindvig, Topor, Bøe & Larsen (2020) viser det å møte brukarar som likeverdige menneske er viktig for relasjonen. Sjølv om studien retta fokuset på profesjonelle relasjonar i møte med brukarar som har vanska knytt til psykisk helse og rus, vurderer eg den som overførbar til mitt studie. Dette på bakgrunn av relasjonen si betyding mellom hjelper-klient.

Paulsen, Aune & Melting (2017) viser at ein gjensidig relasjon mellom tilsette i barnevernet og ungdommar er viktig for relasjonsarbeidet. Studien omtalar viktigheita av å bli møtt med forståing, som eit individ, og ikkje som ein sak, der ungdommane skal ha moglegheit til å medverke i eige liv. Der tillit og anerkjenning er sentrale komponentar i arbeid gjennom lytting, støtte og brukermedverknad. Dette kan sjåast i samanheng med studien til Sommerfeldt (2019) som viser at anerkjenning og gjensidigheit i samspelet mellom barn/ungdommar og dei tilsette i barnevernet blir sett på som grunnlag og føresetnad for å kunne lukkast med relasjons- og endringsarbeidet. Trass i at studiane set fokus på barn/unge i møte med barnevernet, er studien relevant for forskingsprosjektet mitt, da forskinga set fokus på betydinga av det relasjonelle aspektet mellom ungdommar og profesjonelle.

Fylkesnes & Netland (2013) avdekkjer at gode samarbeidsrelasjonar ber preg av støtte, godt samarbeidsklima og ærlegdom. Studien vektlegg at motstridande mål og ulikheit i maktforholdet mellom hjelper-klient kan gjere relasjonsarbeidet til ein vanskeleg balansekunst for barnevernsarbeidarane. Der forskning gjort av Gro Jensen (2016) viser at maktutøving også skjer i form av råd, rettleiing og i frivillige hjelpetiltak. Dette kan sjåast i samanheng med studien til Tunestveit, Mæhle & Ulvi (2021) som sett fokus på korleis unge i barnevernet opplev og erfarar sin deltaking i barnevernet. Der studien viser at ungdommane som ikkje deltar aktivt i prosessen, ofte blir satt i ein posisjon prega av avmakt og motmakt i møte med barnevernet. Studiane er overførbart til forskingsprosjektet, da forskinga set fokus på maktforholdet i relasjonen mellom hjelper-klient.

2.3.1 Oppsummering

Studiane er relevant for forskingsprosjektet, da forskinga krinsar rundt tema knytt til relasjon og relasjonsarbeid, der forskinga har innhenta opplysningar frå tredjepartar, eller set fokus på profesjonelle sine relasjonar til andre brukargrupper; barn og unge. Då kunnskap om relasjonen si betydning, samt maktforholdet mellom hjelpar-klient vil vere sentralt i forskingsprosjektet. På basis av forskinga som finst på området, viser det seg å vere manglande kunnskap om korleis tilsette i barnevernet arbeidar med relasjonen til sårbare foreldre.

3.0 Relasjons- og maktperspektivet i sosialt arbeid

For å finne svar på problemstillinga vil teori om relasjon og makt vere aktuelt for å kunne få ei større forståing av relasjonen mellom hjelpar-klient. Som Aamodt (2014, s. 41) viser til, er relasjon eit viktig verktøy i endringsarbeidet. I alle sosiale relasjonar vil makt vere ein komponent (Askheim, 2012, s. 76), også mellom hjelpar-klient. I følgjande underkapittel 3.1 skal vi no sjå nærmare på den *to-og tre-ledda relasjonen* av Hans Skjervheim. I kapittel 3.2 er omgrepet *makt* sentralt, der fokuset bli satt på kva makt er, samt ulike tilnærmingar til makt.

3.1 Relasjonsperspektivet

Relasjon er eit ord vi ofte brukar i daglegtalet, men det er også eit viktig omgrep i det faglege språket (Levin & Ellingsen, 2015, s. 112), der Lemjan (2015) viser at tillit og relasjon er sentrale stikkord i alle barnevernssaker. Relasjonen (Aamodt, 2014, ss. 36-37) består av det mellommenneskelege samspelet som oppstår mellom individ, der individa som møtast, kan treffast med forskjellige innstillingar til kvarandre. I dei kommande avsnitta skal vi sjå nærmare på at menneske som møtast, kan møtast som subjekt (Eide, 2013, s. 81), der ein kan seie at relasjonen har eit saksforhold.

Den tre-ledda relasjonen

Hans Skjervheim (1926-1999) var ein norsk filosof og samfunnskritikar (Eide, 2013, s. 81), og var oppteken av korleis menneske møter kvarandre. Han er kjent for artikkelen *deltakar og tilskodar* (1976), der han nytta omgrepet *den tre-ledda relasjonen*. Skjervheim nytta omgrepet *den tre-ledda relasjonen* (Eide, 2013, s. 81) som eit namn på subjekt-subjekt forhold. Det inneber at individa som inngår i relasjon til kvarandre er likestilt, der partane felles samarbeida og retta merksemda mot eit objekt eller saksforholdet. Den tre-leddet relasjonen (Aamodt, 2014, s. 57) synleggjer dei tre sentrale ledda i ein relasjon, beståande av to subjekt og eit objekt; hjelpar-klient og utfordringa(ne) som dei i samarbeid skal løyse.

Relasjonen mellom to individ består av to subjekt som er saman om eit saksforhold, nemleg eit *det* (Eide, 2013, s. 81). Eksempelvis kan vi seie at saksforholdet er ein barnevernssak der det er knytt otte for barnet sin omsorgssituasjon. Når både hjelparen og klienten har merksemda og engasjementet retta mot barnevernssaken, opptrer begge partar som *deltakarar* (Eide, 2013, s. 82) i relasjonen. Det inneber at både hjelparen og hjelpetrengande er aktiv i

prosessen i forhold til å belyse, forstå og finne løysingar på familien sin endringsprosess. I ein profesjonell relasjon vil hjelparen alltid ha det overordna ansvaret (Aamodt, 2014, s. 59) for at utfallet av interaksjonen blir det beste for både brukaren, der det vil vere viktig å møte brukaren med ei nysgjerrig, undrande, lyttande, bekreftande og anerkjennande haldning.

Dersom sosialarbeidaren ikkje viser interesse for foreldra sine synspunkt, tankar og meiningar får vi noko som Skjervheim kalla for *den to-ledda relasjonen* (Eide, 2013, s. 82). Slik eg forstår den to-ledda relasjonen inneber det at ein i relasjon til den andre, ser på og behandla den andre som eit *objekt*, framfor eit subjekt. På bakgrunn av det subjekt-objekt forholdet vil da individet som blir objektivert fråteke sin moglegheit til å vere ein deltakar i relasjon til den andre, og dermed blir tildelt ei *tilskodarrolle* som Skjervheim (Eide, 2013, s. 82) kallar det.

Skjervheim tek eit oppgjør med «*tilskodarposisjonen*», altså *eg-det* posisjonen. Der Skjervheim (Aamodt, 2014, s. 57) poengtera at det er vanskeleg å engasjere seg i den andre dersom den andre har rolla som *tilskodar*, og dermed som eit objekt. Av den grunn er det viktig at sosialarbeidarar er bevisst på måten ein utøve sosialt arbeid på, dette for å unngå faren ved å høva seg til og sjå på brukaren som eit objekt (Aamodt, 2014, s. 59). For at hjelparen skal bidra til sjølvutvikling, sjølvrefleksjon og endringsarbeid (Aamodt, 2014, s. 59) vil det i relasjonen mellom hjelpar-klient vere viktig å legge til rette for samhandling retta mot subjektet i den andre, det Skjervheim omtalar som den tre-ledda relasjonen.

I hjelpar-klient tilhøvet kan relasjonen framseta som *asymmetrisk* (Aamodt, 2014, ss. 59-60), i den forstand at det er ulikhet knytt til makt, posisjon og kunnskap. Her poengtera Aamodt (2014, s. 59) at det er viktig at begge partar i denne *asymmetriske* relasjonen også er subjekt i møte som likeverdige partar. I dialog mellom to subjekt kan individet sin erfaring, refleksjon og tankar omskape ein subjekt-subjekt-relasjon (Aamodt, 2014, s. 59) til eit subjekt-objekt tilhøve. Aamodt (2014, s. 59) skriv at i nokre tilfelle er det nødvendig at hjelparen har eit objektivert syn, for å kunne hjelpe brukaren best mogleg. Martin Buber (Aamodt, 2014, s. 59) hevdar også at denne vekslinga er nødvendig, dette for å få fram forskjellen mellom partane og yte god nok hjelp til brukar(ar).

3.1.1 Oppsummering

Skjervheim sitt perspektiv prøva å seie noko om korleis menneske møte andre individ. Som profesjonell møter ein mange menneske som av ulike årsakar står ovanfor ein vanskeleg livssituasjon. Med Skjervheim sin teori om den *to-og tre-ledda relasjonen* (Eide, 2013, ss. 81-82), forstår eg det slik at det er viktig at ein som fagperson er bevisst på korleis ein møter sårbare foreldre, då dette kan påverke relasjonen og samarbeidet til foreldra. Å definere individa ein møter, anten på grunn av ei handling, påstand, dokument eller liknande må ein som fagperson unngå. På basis av dette er det viktig at ein som profesjonelle innanfor sosialt arbeid samarbeida med brukaren for å kome fram til ei felles løysing og bidra til endringsarbeid, der hjelpar-klient forholdet ber preg av eit subjekt-subjekt forhold (Aamodt, 2014, s. 59), framfor eit subjekt-objekt tilhøve. Dette kan vere heilt avgjerande for å oppretthalde eit bærekraftig samarbeid mellom foreldra, som igjen påverka omstende til barnets omsorg.

3.2 Maktperspektivet

Makt dreier seg i stor grad om å nå mål eller å få sin vilje gjennom (Gjøsund & Huseby, 2015, s. 134). Korleis dette skjer, er avhengig av fleire faktorar, men relasjonen mellom den som har makt (Gjøsund & Huseby, 2015, s. 134), og den andre er sentralt. Max Weber (Askheim, 2012, s. 79) definera makt som «*ett eller flere menneskers sjanse til å sette gjennom sin vilje i det sosiale samkvem, og det selv om andre deltakere i det kollektive liv skulle gjøre motstand*». Dette blir omtalt som *makt over* tilnærminga (Askheim, 2012, s. 80), dette i form av dominans der eine parten får meir makt og den andre mindre.

Som tilsett i barnevernet har den profesjonelle ekspertmakt i møte med foreldre. *Ekspertmakt* (Gjøsund & Huseby, 2015, s. 132) inneber at ein person har høgare kompetanse, kunnskapar og ferdigheiter på eit område. Når eit menneske har ekspertmakt, har individet *makt over* (Askheim, 2012, s. 80) den som har mindre kompetanse. Den profesjonelle kunnskapen kan på mange måtar skape distanse til foreldra, gjennom måte ein kommunisera på. Ein ubevisst praksis kan medverke i at foreldra føler seg «nedgradert» i relasjon til den profesjonelle.

Som Askheim (2012, s. 79) viser til, handlar makt om korleis nokre menneske tar psykisk eller fysisk kontroll over andre individ. Men dersom makt blir brukt på ein konstruktiv og forsvarleg måte viser Gjørund & Huseby (2015, s. 132) at det kan gi grunnlag for positive relasjonar mellom individa. Som ei motvekt til *makt over*-tilnærminga finst det også meir optimistiske måtar å høva seg til makt på. Omgrepet kan for mange assosierast som noko negativt, men treng nødvendigvis ikkje å vere negativt. Makta (Askheim, 2012, s. 80) den profesjonelle har kan nemleg gi moglegheit til å påverke brukaren og forholda rundt individet på ein positiv måte, dette i form av ulike tilnærmingar som *makt saman med* og *makt innanfrå*.

Makt innanifrå (Askheim, 2012, s. 82) inneber at individet handlar ut ifrå personlege styrke og tru til seg sjølv. Der brukaren har evne og tillit til å handle på grunnlag av anerkjenning og bevisstheita av at eigne ressursar er mogleg å mobilisere. Medan *makt saman med* (Askheim, 2012, s. 81) handlar om kapasiteten til å oppnå mål saman med nokon, og ikkje på kostnad av andre. Det inneber å samarbeide om ein felles sak/prosess, der makta mellom partane blir spreidd, som vidare kan medverke til ei auking (Askheim, 2012, ss. 80-81) av den totale makta. Som også kan settast i kontekst av den tre-ledda relasjonen (Eide, 2013, s. 81).

Makt saman med og makt innanfrå er ulike perspektiv som ligg til grunn for empowerment-tenkinga, og står i opposisjon (Askheim, 2012, s. 82) til makt over-tilnærminga. Som Askheim (2012, s. 82) viser, jobbar profesjonelle tett på sårbare grupper. Empowerment tenkinga inneber at den profesjonelle, i samarbeid med dei «sårbare» (Ellingsen & Skjefstad, 2015, ss. 103-104) skal finne løysingar, slik at brukaren etter kvart kan kome seg ut av avmaktssituasjonen, og i større grad få kontroll over seg sjølv og sitt eige liv.

Empowerment, også kalla *myndiggjering* på norsk er ein prosess/strategi mot å nå eit eller fleire mål. Prosessen (Levin & Ellingsen, 2015, s. 104) inneber at brukaren får hjelp/bistand til å ta kontroll over sitt eige liv, gjennom å bruke eigne ressursar slik at brukaren kan oppleve meistring og innflytelse til å styre sitt eige liv. Myndiggjering (Ellingsen & Skjefstad, 2015, s. 105) er ikkje noko den profesjonelle skal gjere *for* brukaren. Den profesjonelle skal legge til rette for at myndiggjering er mogleg, dette i samarbeid med klienten, der brukaren er ein aktiv del av eigen myndiggjeringsprosess.

3.2.1 Oppsummering

Det er innlysende at relasjonen mellom hjelpar-klient vil omhandle makt og maktforskjellar, då det er snakk om ein grunnleggande asymmetri i relasjonen i form av *ekspertmakt* (Gjøsund & Huseby, 2015, s. 132). Hjelpetrengande kjem til den profesjonelle som kan bidra til å yte hjelp, dette fordi fagpersonen har tilgang til ressursar, tiltak eller kunnskap (Askheim, 2012, ss. 76-77) som hjelpetrengande har behov for eller treng. Derfor er det viktig at sosialarbeidaren er bevisst på makta (Gjøsund & Huseby, 2015, s. 132) ein har i møte med foreldra, dette for å ikkje skape ein distanse eller «nedgradere» foreldra. Då konsekvensen av dette kan skape utfordringar knytt til relasjonsarbeidet mellom hjelpar-klient, samt vidare samarbeid.

4.0 Metode

Gjennomgåande i dette kapittelet vil eg ta stilling til min transparens (Tjora, 2017, s. 248) om prosessen i forskingsprosjektet. Dette ved å vise til og grunnge kvifor studien er basert på ein *fortolkande fenomenologisk tilnærming*, der *kvalitativ forskingsmetode* er nytta. Deretter vil eg seie litt om prosessen ved å finne aktuell litteratur og vidare over til korleis deltakarane blei rekruttert, samt faktorar som kan påverke forskinga. Vidare vil eg forklare framgangsmåten ved bruk av *kvalitativ djupneintervju* (Tjora, 2017, s. 257), og korleis denne prosessen vart gjennomført. Mot slutten blir *transkriberings-og analyseprosessen* presentert, før eg til slutt vil vise til etiske omsyn som er teke til betraktning i studien.

4.1 Forskingsdesign

Studien baserer seg på å søke kunnskap og forståing om korleis profesjonelle arbeidar med relasjonen til sårbare foreldre. Studien er inspirert av ei *fortolkande fenomenologisk tilnærming*. Den fenomenologiske tilnærminga (Tjora, 2017, s. 258) set fokus på korleis eit fenomen eller ein situasjon (Tjora, 2017, s. 258) blir opplevd frå eit førstepersonsperspektiv, då forskingsprosjektet tek sikte på å oppnå innsikt i korleis informantar opplev deira interaksjon (Tjora, 2017, s. 27) til sårbare foreldre.

Studien er basert på ei *kvalitativ forskningstilnærming* (Tjora, 2017, s. 257), ved bruk av kvalitativ intervju; *djupneintervju* dette for å søke innsikt og forståing for korleis informatane forstår sin livsverden (Tjora, 2017, s. 114) i møte med sårbare foreldre. I motsetning til *kvantitativ forskingsmetode* (Tjora, 2017, s. 28) som ynskja å framheve oversikt i form av tall og søke forklaring.

4.2 Litteratursøk

For å finne relevant faglitteratur starta eg litteratursøket ved å sjå i pensumbøker frå studiet. Ettersom temaet i forskingsprosjektet undersøker profesjonelle sine relasjonar til sårbare foreldre, var det naturleg å sjå etter faglitteratur som omhandla relasjon, makt, kommunikasjon, empowerment og barnevernet. Søket forsette på høgskulen sitt bibliotek, der eg fant boka *den gode relasjonen* av Laila Granli Aamodt (2014). Denne boka har vært til god inspirasjon ved å finne relevant informasjon om relasjonsperspektivet.

Vidare nytta eg søkemotoren Google Scholar, idunn.no og oria.no for å finne relevant forskning. I søk etter aktuell forskning brukte eg ein kombinasjon av søketerm om *relasjon, makt, profesjonelle relasjonar, symmetriske og asymmetriske relasjonar, barnevernet, relasjonar til barnevernet, profesjonelle relasjonar* og *sårbare foreldre*. Der fokuset var å finne artiklar med nyare dato, som satt fokus på det relasjonelle aspektet mellom hjelparklient, samt makt.

4.3 Rekruttering og vurdering av informantar

Tjora (2017, s. 130) viser at hovudregelen for å rekruttere informantar i kvalitativ intervjustudie er at ein vel informantar som av ulike årsaker vil kunne uttale seg på ein reflektert måte om det aktuelle temaet. Blant deltakarane i studien var alle tilsett i barnevernet (andrelinjetenesten), og arbeida tett på sårbare foreldre, der informantane hadde mellom 3 til 17 års røynsle frå praksis i barnevernet. Det sikra at deltakrane har relevant erfaring, som er med på å styrke gyldigheita (Tjora, 2017, s. 235) av empirien.

Informantane hadde alle ulik utdanning og kompetanse, samt forskjellige roller på arbeidsplassen. For å skilje mellom dei ulike informantane blir informantane kalla for informant 1, informant 2 og informant 3. Der førstnemnt er utdanna sosionom, andre psykolog og sistnemnt utdanna barnevernspedagog.

Grunnlaget for å ha tre informantar frå same arbeidsplass var for å få ei djupare forståing av korleis tilsette i barnevernet arbeidar med relasjonen til sårbare foreldre. Etter at informasjon om forskingsprosjektet vart sendt ut til dei tilsette, meldte informantane seg frivillig til å delta i intervju. På bakgrunn av engasjementet og friviljugskap blant deltakarane til delta, samt fagleg interesse for tematikken kan dette vere med på å styrke truverde (Tjora, 2017, s. 231) av empirien.

Mitt kjennskap til informantane gjer at eg har tillit til kunnskapen og informasjonen som kjem fram i empirien. Ein kan likevel stille seg spørjande til om resultatet hadde blitt det same dersom eg ikkje hadde kjennskap til informantane. Gjennomgåande i prosessen har eg jobba ein del med bevisstgjeringa rundt min motivasjon og engasjement for forskingsprosjektet, dette på grunn av den nære posisjoneringa til problemstillinga.

4.4 Djupneintervju

I studien blei *djupneintervju* (Tjora, 2017, s. 113) nytta, dette for å få djupare innsikt og forståing for forskingsproblematikken. Intervjua varte mellom 36 og 73 minuttar, og utgjorde totalt 2,5 timar med materiale (sjå tabell 1). Trass i at eit av intervjua varte i overkant av ein halvtime, opplevde eg at spørsmåla blei besvart på ein tilfredstillande måte. Intervjua vart tatt opp på taleopptak i tråd med retningslinjene, og empirien blei transkribert (Tjora, 2017, s. 173) like etter intervjua vart gjennomført.

Informant	Utdanning	Dato intervju vart gjennomført	Lengde på intervju
Informant 1	Sosionom	10.03.21	73 minutt
Informant 2	Psykolog	11.03.21	36 minutt
Informant 3	Barnevernspedagog	12.03.21	45 minutt
Totalt			154 minutt

Tabell 1: oversikt over intervju med informantar

Førespurnaden, med tema for problemstillinga, om å delta i intervju blei sendt ut i slutten av januar 2021, og intervjua blei gjennomført i veke 11. På bakgrunn av det hadde informantane totalt fem-seks vekser på å gjere seg opp meiningar og tankar knytt til temaet. Intervjuguiden vart ikkje sendt til deltakarane på førehand, dette for at informantane ikkje skulle få moglegheit til å «pugge» inn svar på intervju spørsmåla.

Som Tjora (2017, s. 169) viser til, skjer eit djupneintervju i utgangspunktet ansikt til ansikt mellom informant og intervjuar. På grunn av pandemien (Covid-19) blei eg og deltakarane einige om å følge gjeldande smittevernstiltak frå Folkehelseinstituttet (2021) om å unngå unødig kontakt. Av den grunn blei intervjua gjennomført digitalt via Microsoft Teams, noko informantane var open for, og såg på som ei god alternativ løysing.

Under det tredje intervjuet oppdaga eg at mykje av dei same momenta som informant 1 og 2 la vekt på i sine intervju kom fram. Det at informantane vektlegg same/liknande moment, er med på å styrke truverde (Tjora, 2017, s. 231) i studien, då datamaterialet ikkje sprik ut i

totale ulikskapar. Som følge av det valte eg å ikkje intervju fleire informantar, da eg opplevde det Tjora (2017, s. 143) kallar for metting.

4.5 Intervjuguiden

Intervjuguiden var sortert etter tre fasar (Tjora, 2017, s. 145); oppvarming, refleksjon og avrunding (vedlegg D). I første del av intervjuguiden starta eg med å stille informantane oppvarmingsspørsmål; enkle og konkrete spørsmål om intervjuobjektet sin rolle, utdanning m.m. Deretter stilte eg spørsmål som i større grad medverkar til at informantane kunne reflektere rundt sine skildringar, noko Tjora (2017, s. 146) kallar for sjølve kjerna i intervjuet. Det var stor variasjon ut ifrå korleis informantane svarte på spørsmåla, og eg valte bevisst å nytte eit interessant grep som Tjora (2017, s. 146) skriv om. Det inneber at intervjuar ventar lengst mogleg med å stille oppfølgingsspørsmål til informanten, i håp om at informanten oppfattar stillheita som *pinleg nok* til at deltakaren automatisk utdjupar svara sine. Dette grepet nyttar eg i to av tre intervju, og opplevde at informantane i fleire tilfelle utvida svara sine.

Mot slutten av intervjuet prøvde eg å leie merksemda til informantane bort frå refleksjonsnivået. Her vil eg stille meg litt kritisk til intervjuguiden min, då avrundingsspørsmålet (Tjora, 2017, s. 146) i større grad kunne medverka til mindre refleksjon. To av tre informantar svarte kort og konkret på avrundingsspørsmålet, medan ein av informantane fortsette refleksjonen på det eg hadde satt som avrundingsspørsmål.

Intervjuguiden var delt inn under forskingsspørsmåla med underspørsmål. Dette for å gjere det lettare å transkribere intervjua i etterkant. Under intervju brukte eg taleopptak, dette for å få med meg alt som blei sagt i løpet intervjuet. Å nytte taleopptak (Tjora, 2017, s. 166) under intervju bidrog til moglegheita til å be om utdjuping og konkretisering av det informantane fortalde.

4.6 Transkribering og analyse

Å transkribere (Tjora, 2017, s. 173) vil seie å oversette lyden frå taleopptaket, altså det informantane har formulert munnleg, om til skriftlege språk. Som nemnt i kapittel 4.5, nytta eg taleopptak for å få med meg alt informantane fortalde. Dette gav meg moglegheita til å

fullstendig transkribere (Tjora, 2017, s. 173) materialet i etterkant. Eg normaliserte transkripsjonen (Tjora, 2017, s. 174) ved å gjere materialet om til nynorsk for å verne om anonymiteten til informantane.

Etter at intervjuet var fullstendig transkribert (Tjora, 2017, s. 173) starta prosessen med å analysere datamaterialet. Dette ved å sortere empirien ut ifrå dei ulike kategoriane, noko Tjora kallar for koding. *Koding* (Tjora, 2017, s. 260) er det første steget i analysen der forskaren sortera funna i underkategoriar. For å kode datamaterialet valte eg bevisst å ikkje bruke dataprogram for analyse av kvalitativ data.

Kodeorda var basert på forskingsspørsmåla. Dette for å lettare kople empirien opp i mot kvart enkelt forskingsspørsmål. Der empirien vart sortert ut ifrå kodeord : «god nok relasjon», «arbeid med relasjonen», «halde ved like relasjonen» og «subjektive opplevingar». Eg starta med informant 1, der eg sorterte empirien utifrå dei ulike kodeorda. Etter å ha gjennomgått det første dokumentet og sortert empirien opp mot kodeorda, gjekk eg vidare til neste dokument og fortsette med å sortere empirien på same måte.

Når all relevant empiri var sortert utifrå kodeorda ved hjelp av eit Word-dokument, sorterte eg funna ut ifrå informantane. Dette ved hjelp av tankekart. Der kvart kodeord og informant hadde ulike fargekodar ved hjelp av fargetusj. På den måten kunne eg teikne strekar mellom likskapar og ulikskapar mellom datamaterialet. Ved bruk av tankekart fekk eg strukturert datamaterialet, og god oversikt over empirien. Der datamaterialet vidare vart analysert ved hjelp av *induktiv metode* (Tjora, 2017, s. 33), då perspektiva som kom fram i empirien danna grunnlaget for kva teori som vart nytta som følge av empirien.

4.7 Etikk

Datainnsamlinga i forskingsprosjektet er i samsvar med tillating gitt frå NSD 12/01/2021 med referansekode 797431. Som forskar har ein fleire etiske ansvar (Tjora, 2017, s. 46). Dette er særleg knytt opp til innhenting av informert og frivillig samtykke frå deltakarane. *Informert samtykke* (Tjora, 2017, s. 47) er eit naudsynt grunnlag for deltaking i forskingsprosjektet. Alle deltakarane fekk på førehand tilsendt samtykkeskjema og informasjonsskriv, og signerte dette basert på eit informert og frivillig samtykke (vedlegg C). Både før, under og i etterkant av

intervjuet var det viktig for meg at informantane var klar over retten til å avbryte sin deltaking i prosjektet, utan at det skulle få negative konsekvensar for deltakarane.

Konfidensialitet er også eit anna etisk ansvar ein har som forskar. *Konfidensialitet* (Sommerfeldt, 2019, s. 46) inneber at deltakarane sin identitet ikkje skal bli avslørt. To av tre informantar ønska ikkje å bli identifisert, og dermed vil datamateriale som kan gjere informantane og arbeidsplassen gjengjennelig ikkje nytta i prosjektet.

5.0 Presentasjon av funn

I følgjande kapittel blir fokuset sett på å søke kunnskap om korleis tilsette i barnevernet arbeidar med relasjonen til sårbare foreldre. Med utgangspunkt i forskingsspørsmåla vil eg først undersøke kva dei tilsette i barnevernet opplev som ein «god nok» relasjon til foreldre, deretter korleis dei profesjonelle arbeidar med å få ein god relasjon til sårbare foreldre. Vidare korleis dei tilsette i barnevernet held ved like relasjonen, og til slutt informantane sine subjektive opplevingar av å inngå i profesjonelle relasjonar til sårbare foreldre.

5.1 Eit felles samarbeid

Eit av områda som vart undersøkt er kva dei tilsette i barnevernet opplever som ein «god nok» relasjon til sårbare foreldre. Empirien viser at informantane hadde ei felles forståing der ein «god nok» relasjon ber preg av eit felles samarbeid mellom dei tilsette og foreldra. Informant 2 uttrykte dette ved å oppnå eit samarbeid der ein kan vere *ærleg* og seie ting som det er rett ut, utan å mislike kvarandre dagen etter. Informant 1 derimot vektlegg viktigheita av å ha eit tilhøve til foreldra, der foreldra trur og forstår at dei tilsette i barnevernet vil foreldra godt, der faktorar som *openheit* og *ærlegdom* er avgjerande. I likskap med informant 1 og 2, viser informant 3 at ein «god nok» relasjon inneber at hjelpar-klient tilhøve ber preg av eit *felles samarbeid*, der *ærlegdom* og moglegheita til å snakke fritt er sentralt. Det ver såleis tydeleg at eit *felles samarbeid* ligg til grunn i ein «god nok» relasjon.

Trass i at informantane var samde om at ein «god nok» ber preg av eit felles samarbeid, dette basert på openheit og ærlegdom i møte med den andre, kan ulike faktorar påverke relasjonen. Empirien viser at foreldra står ovanfor ein sårbar og vanskeleg livssituasjon, der omsorga til barnet står på «spel». Av den grunn kan kjensler som sinne, redsel, frykt m.m. kome til uttrykk hjå foreldra, som kan gjere det vanskeleg å oppnå eit *felles samarbeid* som ber preg av *ærlegdom* og *openheit*, som viser seg å vere essensielt i ein «god nok» relasjon. I den forstand kan vi seie at datamaterialet sin pålisgrad er høg, da empirien basera seg på informantane sine skildringar om kva ein «god nok» relasjon inneber. Det at empirien peika i same retning indikera på at reliabiliteten i studien er høg, da materialet ikkje sprik ut i totale ulikskapar.

5.1.1 Oppsummering

Det kjem fram at informantane var samde om at eit *felles samarbeid* mellom dei profesjonelle og foreldra ligg til grunn i ein «god nok» relasjon. Der hjelpar-klient relasjonen ber preg av *trygghet* til å prate *opent* og *ærleg* i møte med den andre, trass i at foreldra står ovanfor ein sårbar posisjon der nokre tema kan vere utfordrande å snakke om.

5.2 Eit medmenneske med forståing

Vidare i undersøkinga satt eg fokus på korleis dei tilsette i barnevernet arbeidar med å få ein god relasjon til foreldre. Gjennom analysen kom det fram at informantane er oppteken av å møte foreldra som eit *medmenneske*, dette ved å vise *forståing* for situasjonen foreldra står ovanfor. Informant 3 uttrykte det slik: «*det er viktig å vise at eg kan forstå og har medkjensle for at ting er vanskelig – for det er jo det i alle sitt liv, meir eller mindre*». Medan informant 2 hevda at «*sjølv om eg gjer ein jobb (som tilsett i barnevernet) betyr det ikkje at eg er betre eller dårlegare enn nokon andre(...)*det er viktig å vise at eg også er eit menneske». Informant 1 vektlegg viktigheita av å møte foreldra som eit *medmenneske*, dette ved å vere «på», til stede og *open* i møte med foreldra og vise *forståing* for at det kan vere krevjande å flytte inn på institusjonen. Det å møte foreldra som eit *medmenneske* i møte med familiane er vesentlig for å få ein god relasjon.

Det er ikkje uvanleg at foreldra er redd for utfallet av eit slik opphald på institusjonen. Og derfor tydeleg at dei profesjonelle prøvar å få ein god relasjon ved å møte foreldra som eit *medmenneske med forståing* for den krevjande situasjonen familien står ovanfor. Der informantane var samde om at omgrepet *ikkje-dømmende haldning* er sentralt i arbeid med å få ein god relasjon gjennom å vise *respekt* og gi foreldra ein rettferdig sjanse uansett kva som er årsaken til at familien har behov for bistand.

Informant 1 hevda at det ikkje er like enkelt å arbeide med å få ein god relasjon til foreldre, og vektlegg viktigheita av å *akseptere* at kjemien mellom dei profesjonelle og foreldra ikkje alltid er like bra. Trass i at relasjonen mellom dei tilsette og foreldra ikkje vil vere like tilrådeleg til ei kvar tid, kan det å møte foreldra som *medmenneske med forståing* gjere omsorgsgivarane tryggare i møte med barnevernet, som vidare kan medverke til å styrke arbeide med å danne ein god relasjon.

5.2.1 Oppsummering

I undersøkinga knytt til korleis informantane arbeidar med å få ein god relasjon til foreldra, kom det fram at barnevernsarbeidarane er oppteken å møte foreldra som eit *medmenneske med forståing* for situasjonen foreldra står ovanfor. Der det vil vere essensielt å møte foreldra med *respekt*, og ei *ikkje-dømmande haldning* for å arbeide med å få ein god relasjon.

5.3 Aktive deltakarar

Det tredje området som vart undersøkt er korleis dei tilsette i barnevernet held ved like relasjonen til foreldra. Ei halding som fanst blant informant 1 og 3, var viktigheita av å la foreldra vere ein *aktiv del* av sin eigen endringsprosess for å halde ved like relasjonen. Informant 3 uttrykte det slik «*det er viktig for meg å snakke med foreldra(...)om det er noko dei kunne tenkt seg å jobbe med og korleis vi kan jobbe med det(...)det er ikkje min jobb å overtyda foreldra*». Der informant 1 i likskap med informant 3 vektlegg viktigheita av å «*spørje dei (foreldra)*». Informant 2 er i likskap med informant 1 og 3 oppteken av å la foreldra bli *sett* og vere *aktiv* i prosessen, dette ved å snakke med foreldra om seg sjølv, korleis det går med dei og setje fokus på foreldra som eigne personar. Dette kan sjåast i lys av informanten si utdanning, som er utdanna psykolog, og har eit særleg ansvar for oppfølging av bebuarane si psykiske helse gjennom prosessen. Det vert såleis tydeleg at dei profesjonelle held ved like relasjonen ved å ivareta *brukermedverknad*, ved å stille seg spørjande til kva foreldra ynskjer å arbeide med og korleis, ved å setje fokus på foreldra som *aktive deltakarar* i eigen prosess.

Gjennom analysen kom det fram at dei tilsette i barnevernet har mykje makt i møte med foreldra. Der informant 1 og 2 hevda at det ligg mykje makt, både i form av barnevernet, men også i form av makta som ligg i å bli observert, vurdert og rettleia av profesjonelle til ei kvar tid. For å halde ved like relasjonen viser informantane til viktigheita av å *respektare* den makta profesjonelle har i møte med foreldra. Dette kan sjåast i samanheng med informant 1 og 3 som viser til viktigheita av foreldre som *aktive deltakarar* i eigen endringsprosess, utan at dei tilsette «*pressar eller tvinger foreldra*» i løpet av prosessen. Bakgrunnen kan vere at det å presse eller tvinge foreldra kan sjåast på som utøving av makt som vidare kan skape utfordringar ved å halde ved like relasjonen til foreldra. Det viser seg at informantane er

semde rundt viktigheita av å vere bevisst og reflekter over den makta dei har i møte med foreldra for å halde ved like relasjonen.

5.3.1 Oppsummering

Gjennom analysen vart det klart at informantane er oppteken av fremme *brukarmedverknad*, der foreldre er *aktive deltakar* i eigen endringsprosess for å halde ved like relasjonen. Dette ved å setje fokus på foreldra sine tankjar, meningar og opplevingar, utan å *tvinge* eller *presse* foreldra til å ta avgjerder dei ikkje er semde i. Der dei profesjonelle er særleg bevisst på *makta* dei har i møte med foreldra, da makta dei sit med kan påverke relasjonen mellom hjelpar-klient.

5.4. For «mykje» ansvar

Mot slutten av undersøkinga vart fokuset satt på informantane sine subjektive opplevingar av å inngå i profesjonelle relasjonar til sårbare foreldre. Dette for å få innsyn i informantane sine skildringar, som kan vere med på å styrke pålitsgrada i studien. Empirien viser at informant 3 likar å bruke seg sjølv og relasjonen i arbeidet, men fortel om situasjonar der hen har fått «*for mykje*» ansvar og *tillit* i relasjon til foreldre, der informanten nærmast har fått tildelt «foreldrerolle» i møte med foreldre. Informanten hevda at det er særleg krevjande å inngå profesjonelle relasjonar til foreldre som vekselvis skiftar mellom å *avvise* og vise *tillit*.

Dette liknar oppleving som informant 2 viser til. Med atterhald om at informant 2 og 3 har ulike rollar på arbeidsplassen, har informant 2 erfaring ved at klientar tenker at ein psykolog skal ha ei typisk «trøsterolle». Empirien viser at dersom informanten «*set foten ned*» og ikkje trøystar foreldra, kan dette skape eit brot i relasjonen mellom dei profesjonelle og foreldra. Det viser seg å vere ein likskap mellom informant 2 og 3, der erfaringar ved å få tildelt «foreldreroller» og «trøysteroller» kan skape utfordringar ved å inngå i relasjon til sårbare foreldre. Der informantane fortel om situasjonar der foreldre i det siste møte gir uttrykk for at brukarane aldri hadde tillit/stolte på dei tilsette i barnevernet.

I likskap med informant 3 gir informant 1 uttrykk for at det er spennande og ikkje minst krevjande å jobbe tett på sårbare foreldre. Sosionomen undrar seg rundt ansvaret og makta hen har i relasjon til foreldra, i form av å «*ha andre menneske sin skjebne i handflata*».

Deltakaren fortel at hen ser sinne, redsel, frykt og usikkerhet i møte med foreldre, der hen prøver å ha respekt for situasjonen foreldra står ovanfor, ved å prøve å setje seg sjølv inn i situasjonen. Då informanten hevda at relasjonen mellom dei profesjonelle og foreldra er viktig for å kunne medverke til endring. Det vert såleis tydeleg at informanten likar å bruke seg sjølv i møte med sårbare foreldre, men er særlig bevisst og reflektert rundt *ansvaret* og *makta* hen har i relasjon til foreldre.

5.4.1 Oppsummering

Empirien viser at informant 2 og 3 har erfaring ved å få tildelt *for mykje ansvar* og nærmast «foreldreroller» i møte med foreldra. Subjektive opplevingar frå informantane viser at dette kan vere krevjande når dei tilsette blir tildelt slike roller i møte med foreldra. Og særleg krevjande dersom foreldre vekselvis skiftar mellom å vise *tillit* og *avvise* dei tilsette. Trass dette, kom det fram at informantane likar å bruke seg sjølv og relasjonen i møte med foreldre. Det kjem fram at det er ein krevjande, men spennande jobb, der informant 1 er oppteken av å prøve å setje seg sjølv inn i situasjonen foreldra står ovanfor.

6.0 Diskusjon

I dette kapitlet blir empiri diskutert i lys av relasjons-og maktperspektivet, der kapitlet vil vere strukturert etter empiri frå kvart forskingsspørsmål. Først vil eg vise til og diskutere det empirien viser at ein «god nok» relasjon til foreldre er, deretter blir det diskutert korleis dei tilsette i barnevernet arbeidar med å få ein god relasjon, og over til korleis dei profesjonelle held ved like relasjonen. Til slutt blir informantane sine subjektive opplevingar av å inngå i profesjonelle relasjonar diskutert.

6.1 Eit felles samarbeid med preg av tillit

Frå funndelen veit vi at dei tilsette i barnevernet meiner at ein «god nok» relasjon ber preg av eit *felles samarbeid* mellom dei tilsette og foreldra, der begge partar kan vere *ærleg* og *open* ovanfor kvarandre. Ved at partane har eit *felles samarbeid* vil både dei profesjonelle og foreldra opptre som subjekt og dermed som *deltakarar* (Eide, 2013, s. 82) i relasjonen, dette i stor kontrast til det Skjerheim (Aamodt, 2014, s. 57) omtalar som ein *tilskodarposisjon*. På basis av det vil begge partar vere aktivt involvert i forhold til å belyse og finne løysning på situasjonen familien står ovanfor. Samarbeidet kan medverke til at foreldra har *makt saman med* (Askheim, 2012, ss. 80-81) barnevernsarbeidarane, som ligg til grunn i empowermenttenkinga (Askheim, 2012, s. 82). Dette kan vidare medverke til at makta mellom den profesjonelle og foreldra blir balansert, som kan vere essensielt for å få til eit felles samarbeid, da relasjonen mellom hjelpar-klient i mindre grad kan bere preg av avmakt.

På basis av funna, som vektlegg viktigheita av å ha eit *felles samarbeid* mellom hjelpar og foreldra, kan dei profesjonelle medverke til *myndiggjering* (Levin & Ellingsen, 2015, s. 106). Då samarbeidet mellom foreldra og profesjonsutøvarane kan medverke til at foreldra i større grad kan ta kontroll over sitt eige liv og endringsprosess. Der foreldra sine tankjar, meiningar, kunnskapar og opplevingar blir satt i fokus og tatt på alvor. Paulsen, Aune & Melting (2017) viser til viktigheita av at brukarar skal ha moglegheit til å kunne medverke i eige liv som ein viktig faktor for relasjonsarbeidet i sin studie. Då hjelparen treng kunnskap om foreldra sine tankjar, meiningar og opplevingar for å kunne medverke til å yte hjelp, medan foreldra har behov for kunnskapen den profesjonelle har. Dette kan medverke til at barnevernsarbeidarane og foreldra komplimentera kvarandre ved å ha eit *felles samarbeid* om endringsprosessen, som viser seg å vere signifikant i ein «god nok» relasjon til sårbare foreldre.

I lys av funna vektlegg informantane *openheit* og *ærlegdom* som viktige faktorar som ligg til grunn i eit felles samarbeid. Dette viser Levin & Ellingsen (2015, s. 115) til ved å vektlegge tillit som ein avgjerande faktor for relasjonen mellom hjelpar-klient, noko Lemjan (2015) og omtalar i sin studie. I møte med sårbare foreldre er det profesjonsutøvarane som har det overordna ansvaret (Aamodt, 2014, s. 59) for at utfallet av relasjonen blir det beste for begge partar, der viktigheita av å vere *ærleg* og *open* i møte med den andre er essensielt. Dette nemner De Bober & Coady referert i Fylkesnes & Netland (2013) at gode samarbeidsrelasjonar ber preg av eit godt samarbeidsklima og ærlegdom.

Som profesjonell kan det vere krevjande å stå ovanfor situasjonar der ein skal vere open og ærleg, særleg dersom det gjeld alvorlege tema. Dersom dette ikkje framkjem og foreldra gjennomskodar dette, er det ikkje like sannsynleg at foreldra vil vere open og ærleg i møte med barnevernsarbeidarane, som vidare kan skape utfordringar i relasjonen. Som Aamodt (S. 78) viser til, vil opparbeiding av tillit vere ein forutsetning for å utvikle ein god relasjon. Dette fordi tilliten den profesjonelle viser i møte med den andre kan medverke til å formidle tru på brukaren sine evner og moglegheiter til å oppnå ei endring jf. myndiggjering (Levin & Ellingsen, 2015, s. 104) i, som vidare kan føre til eit felles samarbeid som viser seg å vere avgjerande i ein «god nok» relasjon. Som på mange måtar kan definerast som ein god relasjon, der begge partar gir noko for å oppnå målet med prosjektet; hjelpar gir kunnskap, tillit og håp, medan klienten gir tillit og informasjon til hjelper for at hen skal yte hjelp. Som Aamodt (2014, s. 40) viser til, kan det vere ressurskrevjande å bruke tid på å opparbeide relasjon, tillit og trygghet, men nødvendig då relasjonen mellom hjelpar-klient blir sett på som eit av dei viktigaste verktøya (Aamodt, 2014, s. 41) i endringsarbeidet. *Ærlegdom* og *openheit*, som er funna, er heilt sentralt for å få til eit *felles samarbeid*, som ligg til grunn i ein «god nok» relasjon.

6.1.1 Delkonklusjon

Første forskings spørsmål tek sikte på å undersøke kva barnevernsarbeidarane opplev som ein «god nok» relasjon til sårbare foreldre. *Tillit*, i form av å vere *ærleg* og *open* i møte med kvarandre viser seg å vere ein sentral komponent som inngår i ein «god nok» relasjon. Der hjelpar-klient forholdet ber preg av eit *subjekt-subjekt* forhold (Eide, 2013, s. 81), der makta mellom partane blir spreidd i form av *makta saman med*, slik at foreldra sine skildringar blir sett og tatt på alvor. Der empowerment og måten dei profesjonelle *møter* foreldra på (som eit

subjekt) kan medverke til eit *felles samarbeid* om barnevernssaken, som viser seg å vere vesentleg i ein «god nok» relasjon til sårbare foreldre.

6.2 Eit medmenneske med forståing

Sett i lys av funna, ser ein at profesjonelle som arbeidar innanfor barnevernet er oppteken av å møte foreldra som eit *medmenneske med forståing*, for å arbeide med å få ein god relasjon. Lindvig, Topor, Bøe & Larsen (2020) viser i sin studie til viktigheita av å møte brukarar som likeverdige menneske som signifikant for relasjonsarbeidet. Det kjem fram at foreldra som kjem til institusjonen ofte er redde og nervøse for utfallet av opphaldet, og på bakgrunn av dette er dei tilsette i barnevernet oppteken av å vise *forståing og medkjensle* for at situasjonen foreldra står ovanfor kan vere krevjande.

Den tre-ledda relasjonen (Eide, 2013, s. 81) viser at individa som inngår i ein relasjon til kvarandre er likestilt og opptre som subjekt i møte med den andre. Ved å møte foreldra som eit *medmenneske med forståing*, kan det medverke til at foreldra i mindre grad er redde og nervøse i møte med barnevernet. Dette kan vidare gjere det lettare å arbeide med å få ein god relasjon til foreldra, då det kan vere vanskeleg å nå inn til, samarbeide og danne gode relasjonar til foreldre som er redde og nervøse. Ved at den profesjonelle møte foreldra som eit subjekt (Aamodt, 2014, ss. 56-57), der hjelparen ser og behandla brukaren som eit medmenneske, vil det i større grad medverke til at partane er *likestilt* i møte med den andre. Noko Paulsen, Aune og Melting (2017) viser til i sin studie, der viktigheita av å møte brukarane som eit individ er særleg viktig for relasjonen mellom hjelpar-klient. Dette kan vidare gjere det enklare for den profesjonelle å nå inn til foreldra, som igjen kan gjere det lettare å arbeide med å få ein god relasjon til omsorgsgivarane.

Trass i at informantane er oppteken av å møte foreldra som *likestilte individ*, kan ein stille seg spørjande til kva grad partane er likestilt, da det vil vere ein viss form for asymmetri i møte mellom hjelpar-klient. Dette i form av ulikeheit knytt til makt, posisjon og kunnskap (Aamodt, 2014, ss. 59-60). Funn-delen viser signifikansen av å møte foreldre som likestilte subjekt (Eide, 2013, s. 81), men dei profesjonelle vil likevel ha *ekspertmakt* (Gjøsund & Huseby, 2015, s. 132) i møte med foreldra, i lys av *makt over-tenkinga* (Askheim, 2012, s. 80). Denne ulikheita i makta kan skape utfordringar knytt til å møte foreldra som eit

«likestilt» medmenneske. Dette nemner også Fylkesnes & Netland (2013) i sin studie, der ulikheit i maktforholdet mellom partane kan gjere relasjonsarbeidet til ein vanskeleg balansekunst for den profesjonelle. Ulikheit knytt til maktforholdet mellom den profesjonelle og foreldra kan gjere relasjonsarbeidet særleg krevjande. På basis av dette, vil det vere avgjerande at dei profesjonelle møter foreldra som *likestilte menneske*, med bevisstheit rundt makta dei har i møte med foreldra, da asymmetrien; framkjem som den usynlege makta i relasjonen (Aamodt, 2014, s. 49), kan gjere relasjonsarbeidet utfordrande.

Som funna viser, vil det å møte foreldra som eit *medmenneske* med *forståing* vere essensielt i arbeid med å danne ein god relasjon til foreldra. Den språklege utvekslinga eller den emosjonelle tonen mellom individa kan bevise om den andre snakkar sant, er truverdig eller vil den andre vel; der ord eller blikk kan gje kjensle av å bli vurdert eller kategorisert (Aamodt, 2014, s. 56) av den andre. Om foreldra blir vurdert eller kategorisert i møte med dei tilsette i barnevernet, kan det medverke til utfordringar knytt til å arbeide med å få ein god relasjon til foreldra. Det kan sjåast i lys av Honnets anerkjeningsteori (Ellingsen & Skjefstad, 2015, s. 99) som prøver å fortelje at alle menneske har behov for å bli sett og anerkjent for det menneske ein er. Då det kan skape vanskar knytt til å arbeide med å få ein god relasjon dersom profesjonsutøvarane stempla (Ellingsen & Levin, 2015, s. 51) omsorgsgivarane. På bakgrunn av dette, vil det difor vere viktig å møte foreldra som *likeverdige menneskjer* med ei *ikkje-dømmande haldning*, uansett kva som er årsaka til at foreldra er i kontakt med barnevernet.

6.2.1 Delkonklusjon

I møte mellom foreldra og dei profesjonelle blir det vist til viktigheita av å møte kvarandre som *likestilte partar*. Trass dette, vil det likevel vere ein asymmetri i relasjonen (Aamodt, 2014, s. 59), da dei tilsette i barnevernet har *ekspertmakt* i møte med foreldra. Som funna viser, vil det vere viktig at dei profesjonelle *ser, forstår og behandla* foreldra som likestilte *medmenneske*; som subjekt (Eide, 2013, s. 81) på lik linje med seg sjølv, for å arbeide med å få ein god relasjon til foreldra. Der viktigheita av å møte foreldra med ei *ikkje-dømmande haldning*, samt bevisstheit rundt *makta* ein har i møte med foreldra, kan påverke arbeide med å få ein god relasjon.

6.3 Ein aktiv deltakar i eigen myndiggjeringsprosess

Frå undersøkinga av forskings spørsmål 3 veit vi at informantane held ved like relasjonen ved å la foreldra vere *aktive deltakarar* av sin eigen endringsprosess. Der informantane er oppteken av praktisere *brukermedverknad* (Ellingsen & Skjefstad, 2015, s. 106) i møte med foreldre, gjennom å stille seg spørjande til kva foreldra tenkjer, meiner og opplever gjennomgåande i prosessen. Dette nemner Sommerfeldt (2019) i sin studie, der gjensidigheit i samspelet mellom brukarar og barnevernsarbeidarar blir sett på som ein føresetnad for å lukkast med relasjons- og endringsarbeidet. Noko Paulsen, Aune & Melting (2017) også kjem fram til i sin studie. *Brukermedverknad* (Ellingsen & Skjefstad, 2015, s. 106) framkjem her som at foreldra har *makt saman med* (Askheim, 2012, s. 81) profesjonelle, eit samarbeid som er sentralt for å halde ved like relasjonen. Ved å involvere foreldra i prosessen, vil foreldra opptre som *aktive deltakarar* i prosessen, og medverke til at hjelparen og klienten opptre som *subjekt* (Eide, 2013, s. 81) i møte med kvarandre.

For å halde ved like relasjonen viser empirien at det er viktig å ikkje tvinge eller presse foreldra til å ta avgjerder som foreldra ikkje samtykker til. Særlig viktig er det med tanke på at hjelpetiltaket er frivillig. Dersom dei tilsett tek avgjerder eller val på vegne av familien, eller pressar foreldra til noko, kan det oppstå ein maktubalanse (Eide, 2013, s. 82) mellom partane. Der konsekvensen av dette kan medverke til mistillit frå foreldra si side, ein avmakt (Aamodt, 2014, s. 51), dårlegare samarbeidsrelasjonar samt brot i hjelpar-klient relasjonen. Som vidare kan skape vanskar ved å halde ved like relasjonen til foreldra. Som Tunestveit, Mæhle & Ulvi (2021) viser til, kan det å ikkje involvere brukarar i ein barnevernssak føre til at klienten blir plassert i ein posisjon prega av avmakt og motmakt i møte med barnevernet. Dette viser til verdien i at foreldra sjølv får vere *aktive i prosessen*, utan å bli tvungen eller pressa.

Ein konsekvens av dette kan vere at foreldra får ei slags «nikkedukkerrolle», eller det Skjervheim kallar for ein *tilskodarposisjon* (Eide, 2013, s. 82) i møte med barnevernet. Då vil relasjonen mellom dei profesjonelle og foreldra bere preg av ein *to-ledda relasjon* (Eide, 2013, s. 82), der dei tilsett ser på og behandla foreldra som ein sak framfor eit subjekt, og foreldra blir fråteken sin moglegheit til å vere *aktive deltakarar* i prosessen, noko som står i opposisjon (Askheim, 2012, s. 82) til empowerment-tenkinga. Dersom den profesjonelle plassera foreldra i ein underlegenheitsposisjon (Aamodt, 2014, s. 52) kan dette skape utfordringar knytt til å halde ved like relasjonen, da foreldra ikkje blir aktivt involvert i prosessen. Dette nemner også Paulsen, Aune & Melting (2017) i sin studie, og viser til

viktigheita av å møte hjelpetrengande som eit individ, og ikkje som ei sak, der individet bør vere ein *aktiv del* i prosessen. For å halde ved like relasjonen er det vesentleg å ikkje sjå/behandle foreldra som eit objekt (Eide, 2013, s. 82), da det kan skape vanskar knytt til å oppretthalde relasjonen mellom hjelpar-klient.

6.3.1 Delkonklusjon

Å presse eller tvinge foreldra til å ta avgjerder eller val som dei ikkje seier seg einig i vil vere lite gunstig, og kan medverke til ein *maktubalanse* (Eide, 2013, s. 82) i relasjonen mellom dei profesjonelle og foreldra. Denne ubalansen (Eide, 2013, s. 82), kan vidare skape misstillit, avmakt og brot i relasjonen mellom profesjonsutøvaren og foreldra. Ved at dei profesjonelle lar foreldra sjølv vere ein *aktiv del* av prosessen, vil foreldra sine subjektive opplevingar kome fram. Dette kan føre til ei balanse (Eide, 2013, s. 81) i makta som kjem til uttrykk i møte mellom hjelpar-klient, som vil vere essensielt for å halde ved like relasjonen.

6.4. For «mykje» ansvar og tillit i møte med foreldre

I lys av funna ser ein at deltakarane likar å bruke seg sjølv og relasjonen i møte med sårbare foreldre, men fortel om situasjonar der informantane har fått for «*mykje*» ansvar og tillit ovanfor foreldra. Der dei tilsette nærmast har fått tildelt «foreldreroller» i møte med omsorgsgivarane. I ein travel arbeidsdag der klienten ikkje har innordna seg «klientrolla» (Aamodt, 2014, s. 63) i den forstand at brukaren legg alt ansvaret og tilliten til den profesjonelle, kan verke utfordrande.

Ein av oppgåvene til barnevernsarbeidarane er å legge til rette for *myndiggjering* (Levin & Ellingsen, 2015, s. 106), gjennom medverking til at foreldra få kontroll over sitt eige liv, der brukaren sjølv skal vere involvert i prosessen. Det er med andre ord ikkje noko dei profesjonelle skal gjere *for* foreldra (Ellingsen & Skjefstad, 2015, s. 105). Derfor er det tydeleg at det kan vere krevjande som profesjonell å stå ovanfor situasjonar der foreldre legg mykje ansvar og tillit på dei tilsette. Som Aamodt (2014, s. 59) viser til, har den profesjonelle alltid ansvaret for utfallet av relasjonen mellom hjelpar-klient blir det beste. Men i møte med foreldre som avviser, forkasta hjelpa han/ho får tilbod om, eller legg alt ansvaret over på hjelparen kan framsetja som ei utfordring for den som ynskje å hjelpe. Særlig krevjande viser det seg å vere når foreldre vekselvis skiftar mellom å vise tillit og avvise hjelpa den profesjonelle ynskjer å bidra med.

Som empirien viste kan mange av foreldra vere redde, nervøse, sinte og usikker. Ein årsak til at foreldra fråskriv seg ansvar og legg mykje tillit hjå hjelparen, kan til dømes vere fordi foreldra er redde for å trække feil og dermed ende opp med å miste omsorga for borna sine. Når foreldre legg mykje ansvar over på hjelparen, kan det medverke til at foreldra objektgjer seg sjølv, ved å ikkje delta aktivt i prosessen. I kontekst av dette viser Aamodt (2014, s. 57) at menneske er i stand til å gjere, enten ved å akseptere definisjonen ein blir gjeven – eller gje seg denne merkelappen sjølv. Det å ha ei forståing av seg sjølv som eit objekt (Eide, 2013, s. 82) kan gje lite opning for sjølvrefleksjon. For å bidra til sjølvutvikling og refleksjon, er det avgjerande at den profesjonelle legg til rette for samhandling retta mot subjektet (Eide, 2013, s. 81) i den andre, trass i at brukaren prøvar å legge ansvaret på hjelparen.

Ettersom informantane likar å bruke seg sjølv og relasjonen i møte med sårbare foreldre, er det tydeleg at det kan vere utfordrande i situasjonar der foreldre nærmast tildelar profesjonsutøvarane «foreldreroller». Det er viktig at foreldra sjølv må erkjenne ansvaret ovanfor seg sjølv og situasjonen dei står ovanfor, samt kjenne behovet for hjelpa og bistand dei får i løpet av endringsprosessen. Der endringsarbeidet (Aamodt, 2014, s. 66), bygg på relasjonen mellom den profesjonelle og hjelpetrengande. Det er tydeleg at det til tider kan vere krevjande å inngå i profesjonelle relasjonar til sårbare foreldre når dei profesjonelle blir tildelt «for mykje» *ansvar* i møte med foreldre.

6.4.1 Delkonklusjon

Frå undersøkinga knytt til informantane sine subjektive opplevingar av å inngå i profesjonelle relasjonar til sårbare foreldre, ser ein at deltakarane har erfaring ved å få tildelt for *mykje ansvar* i møte med foreldra. Dette kan skape utfordringar knytt til endrings-og relasjonsarbeidet mellom hjelparen og klienten. Då det ikkje vil vere mogleg å bidra til endring utan at foreldra sjølv er aktivt involvert i prosessen. På denne basisen blir oppgåva til dei profesjonelle å *legge til rette for myndiggjering* (Ellingsen & Skjefstad, 2015, s. 105), og ikkje gjere dette *for* foreldra.

7.0 Konklusjon

Formålet med forskingsprosjektet var å finne svar på; *korleis tilsette i barnevernet arbeida med relasjonen til sårbare foreldre?* dette basert på empiri, teoretiske perspektiv; *relasjon* og *makt*, samt tidlegare forskning. Det er ønskeleg at studien skal bidra til meir innsikt og forståing knytt til det relasjonelle aspektet mellom tilsette i barnevernet og sårbare foreldre. Dette fordi ansvaret for relasjonen ligg hjå dei profesjonelle, og derfor er kunnskap om det relasjonelle aspektet mellom tilsette i barnevernet og sårbare foreldre vesentleg for sosialt arbeid. Ved å fremme tilsette i barnevernet sitt perspektiv, ynskte eg å bidra med kunnskap om korleis ein på best mogleg vis kan danne og halde ved like relasjonen til foreldra som står ovanfor ein sårbar situasjon, då relasjonen mellom partane vil være sentralt for endringsarbeidet.

Tilsette i barnevernet vektlegg eit *felles samarbeid* med preg av *tillit; openheit og ærlegdom* som signifikant i ein «god nok» relasjon. I arbeidet med å danne ein god relasjon til foreldra er det vesentleg å møte omsorgsgivarane som eit *medmenneske* (subjekt) med ei *ikkje-dømmande halding*. Der det vil vere essensielt å praktisere *brukermedverknad* (Levin & Ellingsen, 2015, s. 106), dette ved å involvere foreldra i eigen myndiggjeringsprosess for å halde ved like relasjonen. Situasjonar der dei profesjonelle har fått tildelt for *mykje ansvar* og *tillit*, kan føre til utfordringar knytt til endrings-og relasjonsarbeidet mellom hjelpar-klient. På basis av dette er dei tilsette i barnevernet avhengig av at foreldre er aktivt involvert i endringsprosessen, dette for å kunne yte hjelp og bistand.

Studien viser at dei *tilsette i barnevernet arbeidar med relasjonen til sårbare foreldre* ved å møte foreldra som eit *medmenneske*, der begge partar er *subjekt* (Eide, 2013, s. 82) i møte med kvarandre. Dette ved at dei profesjonelle og foreldra oppnår eit *felles samarbeid*, der partane har *makt saman med* (Askheim, 2012, ss. 80-81), og opptre som *aktive deltakarar* i endringsprosessen, det Skjerheim (Eide, 2013, s. 81) omtalar som *den tre-ledda relasjonen*.

Studien set fokus på profesjonelle sine skildringar og perspektiv knytt til relasjonsarbeidet i møte med sårbare foreldre. På basis av dette anser eg det som viktig å forske vidare på foreldre sine opplevingar knytt til å inngå i relasjonar til profesjonelle i barnevernssystemet. Dette for å få ei djupare forståing og innsikt for korleis relasjonen og relasjonsarbeidet blir opplevd frå brukarperspektivet. Ein kan då få moglegheit til å sjå likskapar og ulikskapar mellom brukarperspektivet og profesjonelle sin ståstad.

Litteraturliste

- Aamodt, L. G. (2014). *Den gode relasjonen*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Askheim, O. P. (2012). *Empowerment i helse- og sosialfaglig arbeid*. Oslo: Gyldendal.
- Barnevernlova. (1992). *Lov om barneverntjenester (LOV-1992-07-17-100)*. Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-07-17-100>
- Berg, B., Ellingsen, I. T., Levin, I., & Kleppe, L. C. (2015). Hva er sosialt arbeid? I B. Berg, & I. T. Ellingsen, *Sosialt arbeid - en grunnbok* (ss. 19-35). Oslo: Universitetsforlaget.
- Bergem, A. K. (2015). *Forstå - god kommunikasjon for folk i førstelinjen*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Bunkholdt, V., & Kvaran, I. (2015). *Kunnskap og kompetanse i barnevernsarbeid*. Oslo: Gyldendal.
- Eide, S. B. (2013). Relasjonsetikk. I S. B. Eide, & B. Skorstad, *Etikk - til refleksjon og handling i sosialt arbeid* (ss. 67-92). Oslo: Gyldendal.
- Ellingsen, I. T., & Levin, I. (2015). Det sosiale i sosialt arbeid. I I. T. Ellingsen, I. Levin, B. Berg, & L. C. Kleppe, *Sosialt arbeid - en grunnbok* (ss. 47-64). Oslo: Universitetsforlaget .
- Ellingsen, I. T., & Skjefstad, N. S. (2015). Anerkjennelse, myndiggjøring og brukermedvirkning. I I. T. Ellingsen, I. Levin, B. Berg, & L. C. Kleppe, *Sosialt arbeid - en grunnbok* (ss. 97-111). Oslo: Universitetsforlaget.
- Fellesorganisasjonen . (2019). *Fellesorganisasjonen (FO)*. Henta frå FO: Yrkesetisk grunnlagsdokument 2019-2023: <https://www.fo.no/yrkesetikk/fo-yrkesetisk-grunnlagsdokument-2019-2023-article6951-1346.html>
- Folkehelseinstituttet . (2021, 02 11). *Fakta om koronaviruset SARS-CoV-2 og sykdommen covid-19*. Henta frå KORONAVIRUS - FAKTA, RÅD OG TILTAK: <https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/fakta-og-kunnskap-om-covid-19/fakta-om-koronavirus-coronavirus-2019-ncov/?term=&h=1>
- Fylkesnes, M. K., & Netland, M. (2013, 03 14). Tidsskriftet Norges Barnevern. *God praksis i møte med etniske minoritetsfamilier i barnevernet: saksbehandleres og foreldres erfaringer*, ss. 221-235.
- Gjørund, P., & Huseby, R. (2015). *To eller flere basiskunnskaper i gruppepsykologi*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Jensen, G. (2016, 11 21). Tidsskriftet Norges Barnevern. *Brukermedvirkning og maktutøvelse – ungdom som medspiller og motspiller i barnevernet*, ss. 304-320.

- Lemjan, K. H. (2015, 12 14). Tidsskriftet Norges Barnevern. *Hvilke utfordringer står vi overfor i møtet med de sårbare barna og deres familier? - Eksempler fra praksis og drøfting av tiltak for et mer helhetlig barnevern.*, ss. 254-266.
- Levin, I., & Ellingsen, I. T. (2015). Relasjoner i sosialt arbeid. I I. T. Ellingsen, I. Levin, B. Berg, & L. C. Kleppe, *Sosialt arbeid - en grunnbok* (ss. 112-124). Oslo: Universitetsforlaget.
- Lindvig, G. R., Topor, A., Bøe, T. D., & Larsen, I. B. (2020, 12 15). Tidsskrift for omsorgsforskning. *Bofellesskap, bil og relasjoner*, ss. 1-13.
- Paulsen, V., Aune, J. A., & Melting, J. K. (2017, Juni 21). Tidsskriftet Norges Barnevern. *Relasjonen som plattform i møte med ungdom i barnevernet*, ss. 84-94.
- Regjeringen. (2018, juni 29). *Barne- og likestillingsdepartementet*. Henta frå Regjeringen sin strategi på for foreldrestøtte (2018-2021):
https://www.regjeringen.no/contentassets/23fff4c08d0440ca84543ff74786c6a0/bld_foreldrestotte_strategi_21juni18.pdf
- Sommerfeldt, M. B. (2019, 10 16). Tidsskriftet Norges Barnevern. *Relasjoner mellom barn og voksne på barneverninstitusjoner i Norge*, ss. 172-188.
- Tjora, A. (2017). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis*. Oslo: Gyldendal akademisk .
- Tunestveit, M., Mæhle, M., & Ulvi, S. O. (2021, 03 25). Deltaking i barnevernet – ein analyse av ungdomar sine forteljingar i lys av posisjoneringsteori. *Tidsskriftet Norges Barnevern*, ss. 4-19.

Vedlegg A – Erklæring for fulgd retningslinjer ved innhenting av datainnsamling

Eg bekrefta med dette at datainnsamlinga i forskingsprosjektet er i samsvar med løyve gitt frå NSD 12/1 2021 for prosjektet med referansekode 797431.

Vedlegg B – Retningslinjer for behandling av personopplysningar

Retningslinjene gjeld all behandling av personopplysningar som vert innhenta som empiri til oppgåva i SASOS235/SABVP235.

Definisjonar:

Personopplysningar er i samsvar med Personvernforordninga artikkel 4 «enhver opplysning om en identifisert eller identifiserbar fysisk person («den registrerte»). Dette tyder at alle opplysningar som direkte eller indirekte kan koplast til ein person er personopplysningar. Døme på direkte identifisering er namn og stemme, medan indirekte identifisering er når fleire opplysningar, til dømes alder, kjønn, arbeidsstad og stilling, identifiserer ein person. Sensitive personopplysningar er opplysningar om 1) rasemessig eller etnisk opphav, 2) politisk oppfatning, 3) religion, 4) filosofisk overtyding, 5) medlemskap i fagforeining, 6) genetiske opplysningar, 7) biometriske kjenneteikn, 8) helse, 9) seksuelle tilhøve, 10) seksuell legning, 11) straffedommar og 12) lovbrøt

Gjennomføring

I gjennomføringa kan ein behandle personopplysningar, men ein kan ikkje ha som direkte eller indirekte mål om å samle inn sensitive personopplysningar.

Ved transkripsjon skal ein ikkje ta med direkte identifiserande opplysningar. Om transkript skal oppbevarast etter 31/06 2021 skal også alle indirekte identifiserande opplysningar fjernast.

Tilgangsstyring

Personopplysningar kan lagrast på private einingar (datamaskinar, telefonar ol.) under føresetnad av at:

- a) Berre dei som treng personopplysningane for å løyse arbeidsoppgåvene sine i prosjektet har tilgang til dei.
- b) Når personopplysningane ikkje er i bruk så skal uautorisert tilgang sikrast gjennom passord eller nedlåsing.
- c) Personopplysningane skal ikkje overførast mellom einingar ved hjelp av opne skytenester eller e-post.
- d) Personopplysningane skal slettast seinast 31/06 2021

For Høgskulen i Volda (Behandlingsansvarleg)

Vedlegg C – Informasjonsskriv og samtykkeerklæring

Førespurnad om deltaking som informant i studentprosjekt.

Tredje studieår gjennomfører barnevernspedagog- og sosionomstudentane ved Høgskulen i Volda eit forskingsprosjekt. Prosjektet dannar grunnlaget for bacheloroppgåva. Målet er å utvikle kunnskap om profesjonsutøving innanfor sosialt arbeid. Høgskulen i Volda er såleis ansvarleg for prosjektet.

Prosjektet

Dette prosjektet skal svare på problemstillinga «*korleis arbeida tilsette i barnevernet med relasjonen til sårbare foreldre*» og samla kunnskapar frå informantar, forskning og teori.

Prosjektet samlar inn kunnskapar gjennom intervju. Intervjuet vil ta omlag 40-60 minutt, og vert gjennomført etter nærmare avtale. Samtalen vil krinse kring korleis du utøver yrket ditt, kva erfaringar du har, kva du opplever som utfordrande, målsetjingar med arbeidet og synet ditt på sosialt arbeid, korleis etablere og vedlikehalde relasjonar, subjektive opplevingar av å stå i ein profesjonell relasjon til sårbare foreldre. Det einaste vi treng å vite om deg, i tillegg til dette, er kva utdanning og erfaring du har. Det spør eg om i samtalen, for at eg skal sleppe å hugse alt du har sagt, tek eg lyd/video opptak av det vi snakkar om.

Frivillig:

Det er frivillig å delta, og du kan når som helst trekkje samtykket utan å gi oss ein grunn. Dersom du trekkjer deg etter at intervjuet er gjennomført, vil alle opplysningar bli anonymisert. Vi baserer retten til å behandle opplysningar om deg på ditt samtykke.

Om du deltek:

Alle personopplysningar vert behandla konfidensielt. Ingen vil få vite at det er du som har gitt oss den kunnskapen vi får, med mindre du godkjenner at vi skriv kven du er. Om du ikkje godkjenner dette, skal det ikkje vere råd for utanforståande å skjøne kva *du* har sagt når ein les oppgåva vi skal skrive. Opptaka og koplinga mellom deg og det du seier (ein såkalla «koplingsnøkkel») vert lagra i eit låst arkiv. Prosjektet vert avslutta 31/6 2021. Då vert opptaka sletta, og vi sit berre att med anonymisert materiale.

Dine rettar:

Så lenge du kan identifiserast i materialet har du rett til innsyn i det vi har registrert om deg, få desse retta eller sletta, få utlevert kopi av opplysningane og å sende klage til personvernombodet eller Datatilsynet om behandlinga av personopplysningane dine.

NSD (Norsk senter for forskningsdata AS) har på oppdrag frå Høgskulen i Volda vurdert at behandlinga av personopplysningar i prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Dersom du har spørsmål, eller ønskjer å gjere deg bruk av rettane dine, ta kontakt med

Student: Kristianne Hanestadhaugen

Lærer: Roar Stokken på roar.stokken@hivolda.no eller på *****

Personvernombod: Cecilie Røeggen på cecilie.roeggen@hivolda.no eller *****

NSD: personverntjenester@nsd.no eller telefon: *****

Med beste helsing

Roar Stokken

Kristianne Hanestadhaugen

Lærer

Student

Samtykkeerklæring

Eg har motteke og forstått informasjon om prosjektet, og har fått høve til å stille spørsmål. Eg samtykkjer til:

- å delta i intervju med videoopptak
- å delta i intervju med lydopptak
- at opplysningar om meg vert publisert på ein måte som gjer at eg kan bli identifisert

Eg samtykkjer til at opplysningane mine vert behandla fram til prosjektet vert avslutta 31/6 2021

Dato

Signatur

Namn med blokkbokstavar

Vedlegg D – Intervjuguide

Intervjuguide – bacheloroppgåve

Problemstilling: «korleis arbeida tilsette i barnevernet med relasjonen til sårbare foreldre».

Temaguide

1. Om intervjuobjektet

- Kva utdanning har du?
- Kor lenge har du arbeidd her?
- Kva er di rolle på arbeidsplassen og kva inneber det?

2. Om arbeidet

- Kven er bebuarane? (er det nokre fellesnemnar)?
- Kva er målet med tenesta dykk tilbyr?
- Syns du måten dykk arbeida på arbeidsplassen har ført til god måloppnåing? Viss ja- på kva slags måte. Viss nei –kvifor ikkje? Kva trur du er årsaken til det?
- Kva arbeidsmetode/tilnærming bruker dykk på arbeidsplassen?

Forskingsspørsmål → intervju spørsmål:

1. Kva er ein «god nok» relasjon og korleis arbeide med å få ein god relasjon til sårbare foreldre

- Korleis kommuniserer du ved første møte med sårbare foreldre? Kva meina du er viktig i det første møtet? Er det noe spesielt du vektlegg?
- Korleis skape tillit i relasjon mellom deg og foreldre (Kor lang tid tar det før bebuar får tillit til deg?)
- Har du ein eller fleire teknikkar du bruker for å danne ein relasjon til foreldra?
- Kva meina *du* er ein god relasjon til sårbare foreldre?
- Korleis etablerer ein «god nok» relasjon til sårbare foreldre? Har du nokre spesielle teknikkar/metodar du bruker i møte med foreldra?

2. Korleis halde ved like relasjonen til foreldra?

- Korleis forhold du deg som profesjonell til den ulike maktfordelinga mellom deg og foreldra? (kan det øydelegge relasjonen? Har du opplevd dette?)
- Bruker du nokre virkemiddel i møte med foreldra (t.d humor, ironi, personlige eigenskapar?)
- Som sosialarbeider, opplever du utfordringar i forhold til å halde ved like relasjonen til foreldra?
- Kva er motivasjonen din for å halde ved like relasjonar til sårbare foreldre?

3. Kva er informantane sin subjektive oppleving av å inngå i profesjonell relasjon til denne gruppa?

- Kva er din subjektive oppleving av å stå/ inngå i ein profesjonell relasjon til sårbare foreldre? Føler du deg tilfredsstilt når du kan hjelpe andre i ein sårbar situasjon? Eventuelt kva føler du når du ikkje kan bidra? (påverkar det deg som profesjonell? Og/eller privat?)
- På ein skala frå 1-10, kor viktig meina du at relasjonen mellom deg og bebuarane du møter er god? Kva meina du er årsaken til at dette?
- Kva kan du gjøre for å styrke motivasjonen til endring hjå foreldra?
- Korleis opplever du relasjonen din til sårbare foreldre? (har du nokre døme der du syns det var tøft å inngå i ein profesjonell relasjon?)
- Påverkar dine profesjonelle relasjonar til sårbare foreldre dine private relasjonar til andre (familie, venner, bekjente m.m)?

Avslutningsvis:

- Til slutt, kva ser du på som viktig i arbeid med sårbare foreldre?
- Informer om vegen vidare → Takke for deltakinga